



Notat

Dato: 05.05.2015
Arkivsak: 2014/18069-15
Saksbehandlar: hanglop1

Til: Fylkesutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Utfordringar for leverandørindustrien i Hordaland

Bakgrunn

På møtet i fylkesutvalet 19. juni 2014 spurte representanten Sveinung Valle (Ap) om korleis fylkesrådmannen stiller seg til indikasjonane på at leverandørbedriftene knytt til petroleumsnæringa har fått store utfordringar den seinare tida. I problemstillinga låg ei uro for utviklinga i rammetilhøva for desse bedriftene. Med dette som utgangspunkt starta fylkeskommunen eit arbeid for å få ein oversikt over kor mange tilsette og bedrifter som vert råka av innstrammingane frå oljeselskapa, kor sårbarer desse bedriftene er og kva bedriftsleiarane sjølve meiner kan eller bør gjerast? Arbeidet vart lagt til næringsseksjonen, regionalavdelinga og sjølve undersøkinga vart gjennomført av HOG Energi på vegne av Hordaland fylkeskommune. Undersøkinga gjev eit innblikk i status og framtid for leverandørbedriftene i Hordaland med hovudfokus på SMB-verksemder.

Kort om rapporten

Datagrunnlaget i undersøkinga er todelt. Første delen skisserer status for bedriftene i Hordaland basert på rekneskapstal før nedgangstidene starta i 2014. Andre delen i undersøkinga går djupare inn i situasjonen som utvalde bedrifter opplever. Over 40 personar i sentrale stillingar innan leverandørkjeda, FoU, politiske miljø, arbeidstakar- og arbeidsgivarsida og næringslivsorganisasjonar, er intervjua og stilt spørsmål om korleis dei har opplevd, og opplever utviklinga i bransjen. Samtalene er gjennomført i perioden november 2014 til mars 2015. Bedriftene i undersøkinga held til i Hordaland, primært innan olje- og gassbransjen i Bergen, Region Vest, Sunnhordland og Nordhordland.

Det er totalt 336 leverandørbedrifter i Hordaland. 11 % av verksemndene er store, 25 % er mellomstore og 64 % er små. SMB-verksemder representerer 89 % av alle bedriftene, og sysselset 28 % av dei tilsette i denne bransjen i Hordaland. I denne samanheng er det viktig å påpeika at over 3.000 arbeidsplasser hos FMC Technologies, Aker Solutions Subsea, Aker Solutions MIMO og Aibel ikkje er med i oversikten sidan kartlegginga fokuserer på bedrifter med juridisk adresse i Hordaland.

Hovudfunna i rapporten

På bakgrunn av samtalene med bedriftene er funna delt inn i i fem hovudkategoriar: Sviktende inntening, konkurranseevne, kostnadsutfordringar, tiltak i eiga bedrift og ønska tiltak frå bedriftene.

- Sviktande inntening: Bedriftsleiarane opplever at utviklinga i næringa er langt verre enn det dei trudde då dei fekk dei første signala frå Statoil om innsparinger og rasjonaliseringstiltak på slutten av 2013. Det er også frykt for at nedgangen kjem til å vare lenge.

- Konkurranseevne: Små- og mellomstore bedrifter er hardt råka av utviklinga, og heile leverandørkjeda merkar nedgangstidene. Mange av dei mindre bedriftene opplever at ein fell ut av marknaden.
- Kostnadsutfordringar: Alle leverandørarane meiner det er behov for kostnadsreduksjonar og rasjonaliseringstiltak.
- Tiltak i eiga bedrift: Bedriftsleiarane har gjennomført store nedbemanningar, og vurderer fortløpende nye permitteringar og oppseiingar.
- Ønska tiltak frå bedriftene: Naudsynt med eit tettare samarbeid mellom bedriftene for å få til optimal tilpassing av kapasitet, utstyr og ressursar. På dette grunnlaget ser bedriftene for seg at det vert skap ein ny kultur mellom bedriftene som opnar for eit tettare marknadssamarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Ved å visa til finanskrisa meiner fleirtalet av bedriftene at sentrale mynde bør vurdere finansielle krisepakker. Regionale myndigheter bør i tillegg få på plass beredskapsplanar med tanke på permitteringar, oppseiingar og nedlegging av bedrifter. Stikkord er hjelpe til omstilling, omskolering og ny utdanning i tett samarbeid med NAV. Bedriftene ynskjer også at lokale og sentrale myndigheter spelar ei meir aktiv rolle som dørpnar i nye internasjonale marknader.

Tilrådingar og framlegg i rapporten

Alle som er intervjua synes det er svært positivt at Hordaland fylkeskommune og politikarane i fylkesutvalet har tatt initiativ til å kartleggja utviklinga i leverandørnæringa og korleis dette slår ut for bedriftene i leverandør-kjeda i Hordaland. HOG Energi føreslår i den samanheng at regionale myndigheter tar den alvorlige situasjonen i leverandørnæringa i Hordaland opp på sentralt held med fokus på følgjande tema:

- Permitteringsreglar
- Skatteregimet, særleg i forhold til formueskatt på arbeidande kapital
- Verkemiddelapparatet, særleg avbyråkratisering
- Regionale omstillingsmidlar
- Dokumentasjonskrav knytt til industrien

Det bør også etablerast ein handlingsplan i regi av fylkeskommunen for å ta hand om konsekvensane med omsyn til arbeidsløyse, tap av hjørnestensbedrifter/kompetanse, omstillingsmidlar/omstillingsbehov og undervisning/etterutdanning. I tillegg bør det bør det lagast ein plan for å nytta frigjort kompetanse og arbeidskraft i satsingar mot fornybarteknologi og fornybarsatsing. Fylkesrådmannen er innstilt på å koma attende med ei eiga sak til fylkesutvalet om desse spørsmåla, etter at fylkesutvalet har vurdert innhaldet i rapporten fra HOG Energi.

Vedlegg:

«Leverandørindustrien i Hordaland. Status og framtid for SMB.» Raport frå HOG Energi, april 2015